



Etne Betong AS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/1686 - 14/6621

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
25.03.2014

## Dispensasjon og løyve - GBNR 16/33 Askeland nordre - Flytebrygge

### Administrativt vedtak.

#### Vedtak 1

Med heimel i plan- og bygningslova §19-1 jf § 19-2 og grunngjeving i saksvurderinga vert det gjeve dispensasjon frå pbl § 11-6 (kommuneplanen) og pbl §1-8 (forbod mot bygging i strandsona) på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen omfattar flytebrygge med **storleik opp til 3 x 6 meter**. Brygge med landgang skal nå maksimalt 10 m ut frå eksisterande kai.
2. Det skal sendast inn ny situasjonsplan og teikning, som oppfyller krava i vilkår 1.

Dispensasjonsvedtaket skal sendast til fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune til klagevurdering.

#### Vedtak 2:

Kommunen gjev løyve til etablering av flytebrygge, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknader om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Dispensasjonen omfattar flytebrygge med **storleik opp til 3 x 6 meter**. Brygge med landgang skal nå maksimalt 10 m ut frå eksisterande kai.
2. Dei ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.
3. Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilgjengeleg på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.
4. Det må ikkje settast i gang arbeid med tiltak i sjø før samtykke frå hamnestyresmakter ligg føre.
5. Plassering av tiltaket skal dokumenterast med ny målsett situasjonsplan før ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve, vert gjeve, jf pbl § 21-10

Løyve til tiltak er gjeve i medhald av plan- og bygningslova og gjev ikkje utan vidare rett til å bygga i høve til anna lovverk eller privatrettslege forhold, jf pbl § 21-6. I tillegg til dispensasjon og løyve etter pbl, må det ligga føre løyve til tiltak i sjø etter lov om havner og farvann (Bergen og Omland havnevesen).

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at dispensasjon og løyve er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristen kan ikkje forlengast.

### **Saksutgreiing:**

#### **Søknaden gjeld:**

utlegging av flytebrygge 3 x 10 m, med landgang totalt 13 m ut frå eksisterande kai.

Lenke til søknaden i kommunen sitt e-innsyn:

<http://85.200.246.205/eInnsyn/journalpost/Sak?sakId=23842>

#### **Plangrunnlag:**

Kommuneplan av 2011; NFFF i sjø. Tiltaket krev dispensasjon frå kommuneplanen.

#### **Forholdet til naboar:**


Eigarane av nabo eigdommen er varsla. Det har ikkje komme merknader

### Dispensasjonshandsaming.

Søknaden om dispensasjon vart sendt til fylkesmannen, fylkeskommunen og Begen og omland havnevesen på høyring. Sistnemnde instans gav tilbakemelding der dei presiserer at tiltaket i alle fall ikkje må komma lenger ut i sjøen enn det som er omsøkt:

Det er søkt om utlegging av en flytebrygge på 10 x 3,3 meter. Ut fra de opplysninger vi har mottatt ser det ut til at flytebryggen har en tilhørende landgang slik at tiltaket vil strekke seg totalt 13 meter ut i sjø. Området hvor tiltaket er tenkt plassert ligger i en våg hvor bredden er ca. 43 meter. Av hensyn til sikkerhet og fremkommelighet i farvannet her er det viktig at tiltaket ikke går utover opplyste mål. Vi har ellers ingen merknader tiltaket og kan ikke se at det vil være problematisk etter havne og farvannsloven.

Vi ber om å få oversendt eventuelt dispensasjonsvedtak i saken når dette foreligger. Vi opplyser også om at tiltakshaver/ansvarlig søker må sende søknad hertil. Søknadsskjema ligger på [bergenhavn.no](http://bergenhavn.no). Vi vil ta saken opp til behandling når søknadsskjema og dispensasjonsvedtak foreligger.



## Søknaden om dispensasjon:

### Beskrivelse av tiltaket:

Det søkes om å legge ut en flytebrygge 10x3,0m (3,3m inkl fenderstokker). Dersom dette ikke kan godkjennes er det mulighet for en brygge på 10x2,4m (2,7m inkl fenderstokker). Bryggen vil ligge som vist på vedlagte bilde/kart. Bryggen vil bli montert av Valen Marina som har lang erfaring med montering av disse bryggene.

### Begrunnelse for å søke om dispensasjon er:

Området på land er byggeområde-bolig. Tiltakshaver har i dag et naust ved sjøen med tilhørende kai. Slik det er i dag kan han ikke ha båter liggende langs kaien ved dårlig vær. Det er i hovedsak vern mot nordavinden som kreves og det er derfor ønskelig å legge ut flytebrygge som fritidsbåt kan ligge trygt fortøyd ved i dårlig vær. Tiltakshaver har også behov for noe mer dybde som en slik flytebrygge vil gi. En brygge med 3m bredde vil være stabil og med f.eks påmonterte demperplater under vil denne ligge relativt rolig i sjøen.

En flytebrygge er en innretning som lett kan flyttes eller fjernes. Etablering av en flytebrygge vil ikke gi permanente endringer og den vil ikke etterlate seg skader/endringer på miljø og området rundt dersom den på et senere tidspunkt blir fjernet. Å legge ut en brygge ved eiendommen vil ikke utgjøre forskjell med hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser. Derimot vil det for tiltakshaver kunne føre til mer bruk et allerede etablert naust og kai område.

## Vurdering av dispensasjon:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (pbl), kan kommunen gi varig eller mellombels dispensasjon fra føresegner fastsett i eller i medhald av pbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gi dispensasjon må etter ei samla vurdering vere klart større enn ulempene. Det skal leggast særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensere når ei direkte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Administrasjonen har drøfta søknaden. Omsøkte tiltak er i strid med forbod mot etablering av tiltak i NFFF-område i sjø og det generelle byggeforbodet i strandsona. Det er ikkje opna for etablering av kaiar og brygger utanom område som er sett av til småbåthamn i kommuneplanen. Gjennom all overordna planlegging i seinare tid har det vore lagt opp til fellesanlegg.

Ut frå ei konkret vurdering av søknaden synest den omsøkte brygga å vera meir enn stor nok for ein eige sin bruk. Med total lengde på 13 m ut frå land, vil tiltaket oppta om lag ein tredel av breidda på Askelandsvågen. Hamnestyresmaktene har signalisert at dei kan gå med på tiltak så langt ut frå kaien, men ikkje lenger. Kommunen legg til grunn at det bør reduserast til 6 m lengde på brygga, maksimalt 10 m ut frå kaien.

Ut frå dette bør det ikkje gjevast dispensasjon slik søknaden ligg føre, men med redusert lengde vil det vera i tråd med dei dispensasjonssakene som har vorte godkjent i seinare tid.

### Fordelar:

- Tiltaket vil medføre at brukaren sin tilkomst med båt, fortøyning av båt og ombord/ilandstiging vert gjort enklare og tryggare.
- Det har ikkje komme innvendingar frå nabo.
- Det har ikkje komme innvendingar frå andre styresmakter Søknaden gjeld oppgradering av eksisterande nausteigedom. Tiltaket medfører ikkje inngrep i eit uberørt område. Tomta og sjøarealet er frå før disponert til naust med kai og fortøyingsinnretningar. Med redusert lengde vil ikkje tiltaket hindra allmenn ferdsel på sjøen.

#### Ulemper:

- Tiltaket er i strid med kommuneplanen
- Tiltaket er i strid med byggeforbodet i strandsona
- Administrasjonen meiner at tiltaket som er omsøkt har vesentlege ulemper, då tiltaket framstår som eit dominerande element i strandområdet med total lengde på 13 m
- Tiltaket er svært eksponert mot sjøsida.
- Godkjenning av dispensasjonssøknaden slik han ligg føre, kan medføre uheldig presedens.

**Med redusert storleik på tiltaket** vurderer administrasjonen fordelane til å vera større enn ulempene, og omsyna bak reglane vert ikkje vesentleg sett til sides . Administrasjonen kan ikkje sjå at dei omsyna som byggeforbodet mot sjø og arealbruken i sjø skal ivareta, blir skadelidande som følgje av dette tiltaket.

Plan- og bygningsstyresmaktene finn på dette grunnlag at vilkåra for dispensasjon i pbl § 19-2 er oppfylt. Søknad om dispensasjon vert delvis godkjent.

#### **Godkjenning av føretak for ansvarsrett i samsvar med Pbl §§ 22-3, jf 21-4 (3).**

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Rolle	TK	Ansvarsområde	Godkjent føretak	Org. nummer	S/L
SØK	T1	Ansvarleg søkar	Etne Betong AS	960399293	S
PRO	T1	Prosjektering	Etne Betong AS	960399293	S
UTF	T1	Utføring	Etne Betong AS	960399293	S

#### **Gebyr.**

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Søknadspliktige tiltak (Pbl§ 20-1)			
C5.2s Flytebrygge		1	9.600
C.5.32 Ansvarsrett, sentralgodkjent		1	1.000
C.4.1 Dispensasjonsvurdering		1	7.500
C.1.1 Bruk av kartbasis		1	500
<b>SUM</b>			<b>18.600</b>

*Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentlig forvaltning.*

*Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:**

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Knut Bjørnevoll  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

16-33 Dispsoknad  
16-33 Kart og teikningar  
16-33 uttale BOH

**Kopi til:**

Kjell Harald Nedreaas  
Bergen og omland havnevesen

Askelandsvågen 58 5993

OSTEREIDET

**Mottakrar:**

Etne Betong AS  
Fylkesmannen i Hordaland  
Hordaland fylkeskommune